



En Til En Arkitekter AS
Marianne Ø. Aasebø
Vaskerelven 8
5014 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1514 - 23/54345

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
28.06.2023

Igangsettingsløyve for oppføring av leilighetsbygg - gbnr 322/247 Mjåtveit

Administrativt vedtak: Saknr: 698/23
Tiltakshavar: Sveåsen AS
Ansvarleg søkjar: En Til En Arkitekter AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av resterande del for oppføring av leilighetsbygg på eigedom gbnr 322/47. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 03.06.2022 med vilkår gjeld for tiltaket.
2. Før oppstart skal det takast vassprøver av fangdam 3.
3. Det skal utførast kontinuerleg ukentleg visuell kontroll av fangdam 2 og 3, med foto (gjerne mobilfoto) som dokumentasjon av situasjonen i fangdam 3. Resultat av vassprøvane må førast i loggbok. Ved gjennomsnitt turbiditet over 2,2 FNU, må det gjerast grep for å betre vasskvaliteten og arbeidet må opphøyra umiddelbart til utbetring er gjennomført.
4. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk/kloakkanlegg i samsvar med framtidig løyve til påkopling for kvar enkelt bueining.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg.

2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.
3. Dokumentasjon på at leik/oppfallsareal og parkeringsplassar er opparbeidd.
4. Oppsamlingsplass for renovasjon og post skal vere opparbeidd.
5. Rapport for avfallshandtering skal sendast inn.
6. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkøyrsløse i sak 21/5193.
7. Godkjenning av veg, avkøyrsløse og VA-anlegg av Samferdsel avdelinga.
8. Vegsystem med varmekablar skal vere på plass og fungere ved bruksløyve/ferdigattest.
9. Det skal lagast ordning for oppfølging av vasskvalitet på overvatn med evt. prøvetaking, analyse og rapportering til kommunen.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av resterande del av tiltaket.

Kommunen har i vedtak av 03.06.2022 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.06.2023.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 27.06.2023 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1514

Med vennleg helsing
Alver kommune

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

En Til En Arkitekter AS
Sveåsen AS

Vaskerelven 8 5014
Strandgaten 9 5013

BERGEN
BERGEN